



Landbrukskontoret i Alver kommune
v/Kjartan Nyhammer

07.02.2020

SØKNAD OM LØYVE TIL LUKKING AV BEKKER PÅ BRUK 227/4 I ALVER KOMMUNE

Underteikna er 3. generasjon som driv med frukt og bær dyrking for direkte sal. 4.generasjon ynskjer å overta om nokre år. Dei vil m.a driva med bier og dyrking / vidareforedling av frukt og bær.

I samtale med Marit Larsen Sekse i Mattilsynet syner det seg at eit EU regulativ set krav om 30 m "vernesone" til vatn ,for ein del aktuelle plantevernmidlar.(Også økologisk godkjente midlar)

Krava er absolutte.

Størsteparten av innmarka på bruket er innafør denne grensa (30 m)

Bekkane det er tale om å legge i rør, er små typiske flom-bekker. Dei var tørrlagde somrane 2014 og 2018 og ein periode i 2019.

Husa på bruket har avløp mot bekken i aust. Bekken i vest er utsett for erosjon, her er det også ein jordkjeller som er i fare ved flaum.

Eg søkjer difor om å få legge bekkane i røyr. Det er 4 korte strekningar.(sjå kart)

Dette for at dei opne bekkane ikkje skal vere til hinder for framtidig drift.

Odd Molvik
Molvikavegen 532
5993 Ostereidet